

3.11.2017
Arkivsak: 2017/3716-5
Saksbehandlar: memord

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå **Kjell Søvik (FFO)**:

«I tilfeller der elev eller lærar reagerer på sterke lukter (parfyme) i skulesamanheng (vidaregåande skule), eks der enkelte får allergiske utslag på andre sitt forbruk av parfyme og andre dufter. Har HFK rutiner eller regelverk som ivaretek den allergiske personen ?»

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til formelle retningsliner i dette spørsmålet. Med jamne mellomrom kjem det opp spørsmål om parfymebruk i arbeidstida. Slik utviklinga i befolkninga har vore, er det stadig fleire som lir av astma/allergi og eksem. Ein ser spesielt dette på barnetrinnet og i barnehagar.

Arbeidsgjevar (HFK) skal sørge for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø for alle. Dette er i tråd med Arbeidsmiljølova § 1-1.

Fylkesrådmannen v/bedriftshelsetenesta rår til å lage køyrereglar på kvar arbeidsplass om korleis ein vil ha det. Det skal takast omsyn til folk med allergiar, men ein kan ikkje nekte tilsette og elevar å bruke parfyme/deodorant/etterbarberingsvatn mm.

Fylkesrådmannen kan også oppmode om at ein i arbeidstida er moderat med bruken av omsyn til våre kollegaer. God lukt er ikkje god for alle.